

Vurderingsrettleiing/vurderingskriterium for lokalt gitt privatisteksamen, generell del

Denne rettleiinga gir informasjon om korleis du som privatist blir vurdert til lokalt gitt eksamen. Lokalt gitt eksamen kan enten vere munnleg, munnleg-praktisk, praktisk eller skriftleg. Når det gjeld vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen, finn ein det på Utdanningsdirektoratet si heimeside: www.udir.no

Føremålet med vurderingsrettleiinga

I Forskrift til opplæringslova § 3-10 Privatistar står det:

Det skal vere tilgjengeleg for privatistar kva som er måla for opplæringa og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av hennar eller hans kompetanse.

Denne vurderingsrettleiinga saman med vurderingskriteria for faget, gir informasjon om korleis eksamen er organisert, kva sensorane legg vekt på ved eksamen og kva som kjenneteiknar kompetanse på dei ulike karakternivåa.

Kompetanse

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova § 3-25 seier følgjande:

Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen

Kompetanse er i denne samanheng definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve. I læreplanane for faga er kompetansen beskrive som mål for opplæringa. Eksamensoppgåvene vert utforma slik at dei prøver denne kompetansen.

Grunnleggjande ferdigheiter er integrert i kompetansemåla i alle læreplanar for fag. Dette betyr at kompetansemåla for eksempel inneheld krav om å bruke digitale verktøy i faget og å kunne skrive på måtar som er relevante i faget. Grunnleggjande ferdigheiter vil kunne prøvast som ein integrert del av den fagkompetansen den enkelte skal ha utvikla.

Vurdering

Grunnlaget for vurdering er læreplanen i faget. Ved fastsetjing av karakter skal det leggjast vekt på kandidaten sin kompetanse i forhold til kompetansemåla. Eksamenskarakteren skal gi uttrykk for den individuelle kompetansen til kvar kandidat slik denne kjem fram på eksamen.

Kjelder

I oppgåver der alle hjelpemiddel er tillatne må du oppgi kva for kjelder du har brukt. Om kjelder ikkje er oppgjevne, vert eksamenssvaret vurdert, men det vert trekt for manglande informasjon.

Karakterar

Forskrift til opplæringslova § 3-4 beskriv karakterskalaen. Talkarakteren 1 – 6 har følgjande innhald:

- Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.